



Arkivnr: 2018/781-1

Saksbehandlar: Roger Kvarsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018

### Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid. Revidering av retningsliner

#### Samandrag

Saka gjeld revidering av retningslinene for tilskotsordninga til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid som vart vedteke i Kultur- og ressursutvalet 19.03.2015 (PS 36/2015).

I budsjettet for 2018 er det løyvd 155 000 kr. til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid. Av desse er 37 000 kr. fast driftstilskot til Hordaland sogelag. Ein har soleis 118 000 kr. til fordeling i 2018.

I 2018 opnar vi for å prioritere færre prosjekt med større beløp enn tidlegare år innanfor ei ramme på 20 000-30 000 kr. Vi vil fordele prosjektmidlar ut frå følgjande hovudkriteria:

Prosjekt som fremjar aktivitet i laget, som legg opp til samarbeid med andre lag eller etablerte arkiv-/bibliotek og museumsinstitusjonar, samt prosjekt som har overføringsverdi til desse.

I søknaden må ein gjere grundig reie for føremålet, arbeidsoppgåver, framdriftsplan og den må innehalde eit realistisk budsjett.

Retningsliner for oppfølging og kontroll følgjer i all hovudsak felles retningsliner for tilskotsordningar ved kulturavdelinga.

#### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek reviderte retningsliner for tilskotsordninga til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid slik dei ligg føre i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkесdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 25.01.2018

I budsjettet for 2018 er det løyvd 155 000 kr. til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid. Av desse er 37 000 kr. fast driftstilskot til Hordaland sogelag. Ein har soleis 118 000 kr. til fordeling i 2018.

I 2018 opnar vi for å prioritere færre prosjekt med større beløp enn tidlegare år innanfor ei ramme på inntil 20 000-30 000 kr. Tidlegare år har vi gjeve støtte til ein del mindre prosjekt. Vi ønsker dermed å motivere til større prosjekt, gjerne i samarbeid med andre. Dette kan stimulere til bredde i lokalt og regionalt historiearbeid. Vi vil fordele prosjektmidlar ut frå følgjande kriteria:

Prosjekt som fremjar aktivitet i laget, som legg opp til samarbeid med andre lag eller etablerte arkiv-/bibliotek og museumsinstitusjonar, samt prosjekt som har overføringsverdi til desse. Retningslinene er i samsvar med retningsliner utarbeidd for andre tilskotsordningar under Kultur- og idrettsavdelinga.

### **Retningsliner for tilskotsordninga tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid**

#### *Føremål*

Ordninga skal stimulere til og støtte opp om lokalhistoriske initiativ og lokalhistorisk aktivitet i fylket.

#### *Kven kan søkje*

Sogelag/historielag i Hordaland, eventuelt i samarbeid med andre.

#### *Kva kan støttast*

Prosjekt som fremjar aktivitet i laget, som legg opp til samarbeid med andre lag eller etablerte arkiv-/bibliotek og museumsinstitusjonar, samt prosjekt som har overføringsverdi til desse.

#### *Ytterlegare moment ved vurdering av søknad/skjønsutøvinga, i uprioritert rekkefølge:*

Det er eit mål å fremje innsamling og registrering av dokumentasjonsmateriale i form av t.d. foto, arkiv, stadnamn og livsminne, samt stimulere til frivillig engasjement, mangfold og kvalitet.

#### *Det vert ikkje gjeve tilskot til følgjande:*

- ordinær drift og løpende aktivitet
- investeringar i bygg, anlegg og utstyr
- reiseutgifter
- utabeiding eller revisjon av lokal- og regionalhistoriske verk

#### *Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak*

Søknaden skal innehalde prosjektomtale med skildring av tiltaket, mål og framdriftsplan for prosjektet, budsjett, søknadssum og eventuelle samarbeidspartar.

Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapport. Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskotsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett har då rett til gratis billett til sitt følge. Forvaltingslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Hordaland fylkeskommune. Alle søknader er offentlege. Kultur- og idrettsavdelinga førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som avvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunngjevast. Utvalet har møte ein gong i månaden.

#### *Oppfølging, rapportering og kontroll*

Tilsegnsmottakar skal rapportere status innan det aktuelle budsjettåret, men det kan søkast overføring til neste år. Endeleg rapport må innleverast etter prosjektet er avslutta.

Rapporten skal innehalde:

- Utgreiling av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering

- Dokumentasjon i form av produksjonar, publisering, registreringslister eller liknande Søkjar skal elles varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege avvik frå prosjektplanen i prosjektperioden.

Fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

*Klage*

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre – 3 – veker. Fristen vert rekna frå den dagen søker mottok melding om vedtaket. Ein klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen eller [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka Tilskot til sogelag/historielag.

Vi gjer merksam på at søkerar etter Forvaltingslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av paragraf 18 og 19.